UTDANNINGS FORBUNDET
Fjaler

Sak til årsmøtet i Utdanningsforbundet Fjaler 2024

Forslaget kjem frå Flekke skule
Saka blir lagt fram av Anita Nyland Skår

Forsøksordning med auke i faste tilsette

Behovet for vikarar er stort gjennom eit skuleår, men det er så og seie ingen å spørje. Det vert ikkje sett inn vikarar, og arbeidspresset på dei som er att vert stort. Ved mangel på vikarar, så går dette hardt utover alle elevane i ein klasse.
Vi ynskjer at arbeidsgjevar starte ei forsøksordning, der ein tilset lærarar/barnehagelærarar på topp i eit team eller på ei avdeling. Desse blir brukt som ei ekstra satsing i ei gruppe med elevar/born, men kan òg vere vikar når behovet er der. Etter ein periode målast dette opp mot sjukefråværet i kommunen. Vi veit at det er andre kommunar som har gjort det same.

Forslag til vedtak
Årsmøtet ber HTV ta saka opp med kommunalsjef oppvekst og kommunedirektøren og arbeide for at ei slik forsøksordning blir sett i verk.